



Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) –
Hordaland
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) -
Sogn og Fjordane
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner (SAFO) – Sør-vest
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner (SAFO) –Nord-vest

Dato: 03.07.2019
Vår ref.: 2017/485-90
Saksbehandlar: mernord
Dykkar ref.:

Samanslåing av medverknadsorgana - val av rådsmedlemer til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023



Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemnda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld personer med funksjonsnedsetting. Det skal gi råd, drøfte saker, informere og bidra til å gje funksjonshemma i Hordaland og Sogn og Fjordane fylke ein betre kvardag.

Medverknadsorgana er heimla i den nye kommunelova § 5-12. Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering går fram av forskrift om medverknadsordning, av 17.06.2019.

Rådet i Hordaland fylke og rådet i Sogn og Fjordane fylke skal slå seg saman, til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylkeskommune. Det skal veljast medlemer og varamedlemer. Fellesnemnda vedtok den 18.06.2019 reglement for rådet i sak PS 44/19. Rådet skal tilsaman ha ni medlemer. **Fem** medlemer skal veljast etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Vi ber med dette brukarorganisasjonane til å kome med forslag til medlemmer til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylkeskommune.

Det må gjevast forslag til kandidatar frå begge kjønn.

Vi ber om at forslag til medlemer vert sendt innan den **31.08.2019** til E-post adressa: folkevalde@no.

Bertil Søfteland
leiar

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.